

# Eksamen

29. november 2016

LBR3002

Utmark og kulturlandskap

**Programområde:** Landbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>• Bruke eksempel der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte</li></ul>

## Situasjonsbeskriving

Du har overtatt ein landbrukseigedom i Avdalsgrenda. Området er eigd av 10 grunneigarar med større og mindre eigedommar, halvparten bur i grenda, resten utanfor området. Grenda har to gardsbruk i drift. Til saman utgjer arealet ca. 50.000 daa med skog, snaufjell og vassdrag. Vassdraget startar i fjellet med to gode aurevatn, fortset ned til Avdalvatnet som er på 2 km<sup>2</sup>. Dette vatnet har både aure og røye, som er småvaksen og mager. Ut av Avdalsvatnet renn ei elv som har sjø-aure og smålaks.

Utmarksressursane har hittil blitt dårleg utnytta, bortsett frå elgjakta, som grunneigarane driv sjølv. Dei siste åra har dei hatt fellingsløyve på 6 dyr årleg. Småviltjakta er, til trass for brukbare bestandar av rype, skogsfugl og hare, dårleg utnytta, bortsett frå ein og annan tjuvjeigar.

Fylkesmannen har lagt ned forbod mot laksefiske i elva på grunn av manglande fangstrapportering og organisering.

Eigedommen din er på 3000 daa, der 1500 daa er produktiv skog, resten er uproduktiv skog og snaufjell. Skogen har eit balansekvantum på 350 m<sup>3</sup>, mest gran, og følgjande hogstklassedefordeling: 4 % i hogstklasse I, 10 % i hogstklasse II, 20 % i hogstklasse III, 45 % i hogstklasse IV og 21 % i hogstklasse V.

Til eigdommen høyrer eit gammalt våningshus og 30 daa med eng, som ein av naboane har slått dei siste åra. Dessutan har du ei seter med eit eldre seterhus og ein setervoll, som er i ferd med å gro igjen.

## Oppgåve

Du og fleire av dei andre grunneigarane ønsker å ta vare på og utvikle dei verdiane som Avdalsgrenda har, både økonomisk og på andre måtar.

Forklar korleis du vil gå fram. Du kan leggje til fleire data og føresetnader viss du vil.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• Bruke eksempler der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>

## Situasjonsbeskrivelse

Du har overtatt en landbrukseiendom i Avdalsgrenda. Området er eid av 10 grunneiere med større og mindre eiendommer, halvparten bor i grenda, resten utenfor området. Grenda har to gardsbruk i drift. Til sammen utgjør arealet ca. 50.000 daa med skog, snaufjell og vassdrag. Vassdraget starter i fjellet med to gode ørretvann, fortsetter ned til Avdalsvatnet som er på 2 km<sup>2</sup>. Dette vatnet har både ørret og røye, som er småvokst og mager. Ut av Avdalsvatnet renner ei elv som har sjøørret og smålaks.

Utmarksressursene har hittil blitt dårlig utnyttet, bortsett fra elgjakta, som grunneierne driver selv. De siste årene har de hatt fellingstillatelse på 6 dyr årlig. Småviltjakta er, til tross for brukbare bestander av rype, skogsfugl og hare, dårlig utnyttet, bortsett fra en og annen tjuvjeeger.

Fylkesmannen har lagt ned forbud mot laksefiske i elva på grunn av manglende fangstrapporing og organisering.


Din eiendom er på 3000 daa, der 1500 daa er produktiv skog, resten er uproduktiv skog og snaufjell. Skogen har et balansekvantum på 350 m<sup>3</sup>, mest gran, og følgende hogstklassefordeling: 4 % i hogstklasse I, 10 % i hogstklasse II, 20 % i hogstklasse III, 45 % i hogstklasse IV og 21 % i hogstklasse V.

Til eiendommen hører et gammelt våningshus og 30 daa med eng, som en av naboene har slått de siste åra. Dessuten har du ei seter med et eldre seterhus og en setervoll, som er i ferd med å gro igjen.

## Oppgave

Du og flere av de andre grunneierne ønsker å ta vare på og utvikle de verdiene som Avdalsgrenda har, både økonomisk og på andre måter.

Forklar hvordan du vil gå fram. Du kan legge til flere data og forutsetninger hvis du vil.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)